

Avtale om privat drift og vedlikehold av veg på Mongstad Sør

Lindås kommune (org.nr. 935 084 733) v/ ordføreren, Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø

CCB Mongstad AS (org.nr. 962012817), Mongstad Sør, 5954 Mongstad

I samband med noverande kommunalt vegnett til Mongstad sør, mellom x -kommunal veg til Knarvik og x mellom Sambindingsvegen-raffineriområdet, i alt og om lag 5 km veg, jamfør vedlagt kartutsnitt M1: 15000 datert 25.11.02, vert nedlagt som kommunal veg og samstundes lagt ut som privat veg i samsvar med veglova §§7 og 8, er det inngått følgjande avtale om drift av vegnettet:

1. CCB Mongstad AS står for drift og vedlikehold av heile vegnettet som er lagt ut til privat veg og har det forsikringsmessige ansvaret for vegeigar av dette vegnettet. Til drift og vedlikehold høyrer m.a.:
 - Skilting og merking av vegane etter skiltplan godkjend av Statens vegvesen.
 - Ansvaret for at vegdekket er i forsvarleg stand og for turvande reparasjon og fornying. Det vert utført ei registrering av tilstanden til vegane/vegdekket før overtaking og denne skal ikkje vera forringa ved utløpet av avtaleperioden ev. ved avtaleavslutning elles, jamfør. Pkt. 4.
 - Det skal utførast kantklipping langs vegane minst ein gong kvart 3. år.
 - Grøfter, stikkrenner og slukar skal ettersjåast og vedlikeholdast om mogleg etter eit fast program. Etter eit år med mykje strøing bør vegbana kostast.
 - Brøyting og strøing/ev. salting av vegnettet skal halda minst same standard som for kommunal veg.
 - Vegane er bygd for 10 tonns akseltrykk og det må ikkje nyttast akseltrykk som kan påføra hovudvassleidningen skade. Skulle det oppstå skade på veg eller kommunen sitt leidningsnet pga. høgare akseltrykk vil CCB Mongstad AS dekkja kostnadene til utbetring av skadane.
2. Vegnettet skal kunne nyttast av allmenn trafikk og trafikk til eigedommane til vegane som tidlegare, m.a. som sambindingsveg mellom Mongstad Sør/Basen og Statoil Mongstad. Nye etableringar i Mongstad industriområde, m.a. Mongstad vekst, skal kunna nytta vegnettet, men det skal opprettast avtalar om deltaking i drift og vedlikehold. Slike avtalar skal godkjennast av Lindås kommune. Nye avkjørsler vert fastlagt av Lindås kommune i reguleringsplanar/delings- og byggesaker.

3. Lindås kommune gjev eit årleg tilskot til drift, vedlikehald og dekkefornyng av vegnettet med kr. 170.000,-.
4. Avtalen gjeld i tida **01.01.2015 - 31.12.2024** med rett til mogleg forlenging, men kan om naudsynt seiast opp til ei kvar tid av b e partar med 12 m nadars varsel. Lind s kommune bind seg til   ta vegnettet opp att som kommunal veg straks denne avtalen er avslutta.

Knarvik/Mongstad

For Lind s kommune

For CCB Mongstad AS

Ordf rar i Lind s kommune
